

Lux House søker tilskot til vidare satsing

LUSTER: Etter å ha hatt ope torsdag til laurdag ein periode ynskjer no Lux House å utvida tilboden på Pyramiden. Frå 1. juli vert det ope fem dagar i veka. Det er Kitija Levina som står bakom satsinga. Ho driv ei blanding av butikk og salong med behandlingar. Det er også planlagt nettbutikk til somma-

ren. Ho har kjøpt inn mykje utstyr, og har søkt oppstartstilskot frå Luster kommune for å dekkja litt av kostnadane. Rådmann skriv i si tilråding at tilboden har fått god respons, og rår til at ho får 30.000 kroner. Formannskapet avgjer saka i møtet onsdag.

Grønt lys til bompengar

VIK: Eit samrøystes formannskap har gjeve Vangsnes skogsveglag løyve til å krevja bompengar på skogsvegen. Det vil seia 50 kroner per tur eller 500 kroner for eit årskort. Det burde i tillegg vera eit gebyr for manglende betaling, denne vert sett til 1.000 kroner. Frå administrasjonen heiter det at ålmenta lettare får tilgang til flotte naturområde og det blir informert om at vegar som er opne for ålmenta, har krav til at vegen har ein viss standard og er tilrettelagd for fri ferdslle.

BKKs Viltfond

VIK: Vik kommune har frå 1. januar 2018 overteke ansvaret for å driva sekretariatet for BKK-Viltfond. Dette fondet har per 2. mai i 2018 ein saldo på kroner 484.587,80. I 2017 vart det løvd 75.000 kroner frå fondet som tilskot til Villreinutvalets forvaltningsplan.



HUGA PÅ GARD: 110 gardar står tomme berre i Vestre Slidre og Vang, opplyste prosjektleiar Anne Live Garvik i prosjektet «Huga på gard».

Frå skule til gardstun

■■■ Økodrift

AURLAND: Eit større nasjonalt samarbeidsprosjekt skal bidra til å auka produksjonen av økologiske matvarer i Noreg.

– Det var nedgang lenge, no har nedgangen stogga og ligg på eit stabilt nivå. Målet vårt er å auka arealet som blir nytta til økologisk landbruk, seier Markus Brun Hustad prosjektleiar i Landbruks Økoløft, som står bak prosjektet.

Samarbeid

Landbruks Økoløft er eit samarbeid mellom Noregs

■■■ Mange tomme gardar

Bondelag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Debio, Debio-Info, Økologiske føregangsfylke, Norsk Landbruksrådgjeving og Økologisk Norge.

– Heile landbruket har her gått saman for å auka produksjonen av norsk økologisk mat. Då me starta opp prosjektet for to år sidan, var det ingen av samvirka som skreiv under på økologiske avtalar. Det er det no. Litt av utfordringa er at marknaden stikk frå produksjonen. Det er stor etterspurnad etter økologisk frukt og bær, men det er stort sett produkt frå utlandet.

Fem år

Hustad seier dei skal halda fram med dette prosjektet i fem år.

– Men det er snakk om ei relativt stor omstilling for bønder som vel å satse økologisk. Det krevst bygging av ny kompetanse, kanskje må bygningsmassen endrast, i det heile så er det eit stort prosjekt.

Hustad legg til at det økologiske landbruket vil vera ein spydspiss i Noreg.

– Difor er eit kompetansesenter som det me finn her i Aurland, viktig for landbruket i heile Noreg.

Huga på gard

Blant innleiarane var Kari Sigrun Lysne frå Sogn Bondelag og prosjektleiar Anne Live Garvik i prosjektet «Huga på gard». På sin entusiastiske måte, inspirerte ho nok mange av tilhørarane som hadde gått med planar om å kjøpa ein gard, til å setja planane ut i livet. Garvik bur i Valdres og seier dei så langt har funne 110 gardsbruk som står tomme berre i Vestre Slidre og Vang.

Opne møte

– Me er inne i ein kartleggingsfase no, det er mange gardar



VIL AUKA: – Målet er å auka tilgangen på areal som blir nytta til økologisk landbruk, opplyste prosjektleiar Markus Brun Hustad.

eg ikkje har besøkt enno.

I samarbeid med aktørar i landbruket arrangerer prosjektet opne møte om økologisk landbruk. Så langt er det gjennomført 30 møte sidan prosjektet starta i 2016.

Aktivitetane vil i hovudsak byggja vidare på etablerte strukturar, kanalar og arener, og på eksisterande initiativ. Fundamentet for nye tiltak vil vera motivasjons- og

rekryteringsarbeidet som i dag vert drive gjennom dei enkelte deltakarane i prosjektet. Landbruks Økoløft skal hente ut synergieffektane av eksisterande arbeid, intensivera innsatsen gjennom eit felles løft og gje den ei tydeleg og synleg felles avsendar, heiter det på Oikos si heimeside.

Jan Egil Fimreite
jan.egil.fimreite@sognavis.no

FASADE ELEGANT TERRASSEMARKISE
-30% TIL 19.05.

MULIGHET FOR STYRING MED APP!

GRATIS BEFARING 911 50 200 fasadeprodukter.no

Fasade PRODUKTER

m/justerbar vinkel v/kveldsol

MARKISER - SCREENS - GARASJEPORTER - INTERIØRGARDINER